

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 26.01.2005 **Tid:** 15.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 5, inkl. varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:
Marion Langhelle Pedersen	Ingen
Frode Bjørnås	Ingen

Sture Tveit fekk permisjon kl 17.00. Han var med under handsaming av sakene 1 og 2.

Andre som var tilstade på møtet:

Knut Steinsland, Hans Kristian Stenerud og Tone Ramsli

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 28. januar 2005

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista varat samrøystes godkjend.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Sture Tveit stilte fylgjande spørsmål

- Ved godkjenning av reguleringsplan for bustadfelt på Ådland, var spørsmålet om vegframføring drøfta inngåande, og planen vart godkjend med ei omlegging av eksisterande trasè. Tveit stilte spørsmål ved om korleis kommunen ser til at vedtaket vart gjennomført.
Administrasjonen vil sjå til at vedtaket vert fulgt opp, og at tilkomst til feltet vert etablert før trafikken aukar på.
- Fartsgrensa i Eikedalen. Det vart vist til lesarinnlegg i Samningen
Administrasjonen v. Steinsland orienterte om kva som er gjort. Me har m.a. fått gjennomslag for flytting av fartsgrenseskiltet, men det har ikkje vorte opna opp for ytterlegare tiltak. Vegvesenet har gitt uttykk for at 60-km-farstgrensene ikkje vert vurdert før det er føreteke registrering av farstsnivået på plassen. Adm. vil ta kontakt med vegvesenet for å høyre kva dei gjer vidare i saka.
- Om korleis ankesaker ved deling vert handsama av fylkesmannen. Han viste til ei konkret sak der ein instans, fylkeslandbruksstyre har imøtekome klagar, medan fylkesmannen (miljøavd.) hadde oppretthalde kommunen sitt vedtak. Og resultatet vart då nekting av frådeling.
Det vart orientert om at desse sakene er handsama etter to lovverk, og for å få frådeling må søknaden akseptast etter begge lovene.

Olaug Karin Øystese etterlyste informasjon om eit konkret bustadhandel i feltet på Lønnebakken, og korleis kommunen var involvert i dette.

Sture Tveit viste til at han hadde teke det opp i politisk leiargruppe, der ordføraren lova å undersøka saka. Han ville reisa dette spørsmålet til neste kommunestyret. Ut frå dette vart det ikkje gått vidare inn i saka.

Øyvind Røen ba om evt. informasjon om framdrifta i saka om Samla plan.

Administrasjonen v. Stenerud har fått melding om at fylkesmannen har gitt ein uttale i saka. Me vil be om å få den tilsendt, og vil vidaresende den til utvalet.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Det vart levert ut eit notat om framdrift på utbygging av vassverket med forsyningslinjer. Notatet er dagsett 24.01.2005, og det vert her gjort greie for kva som vert gjort og korleis arbeidet er finansiert. I møtet peika Sture Tveit på at kostnadane som vart omtala var frå 2002, og det sannsynlegvis måtte påreknast prisauke. Administrasjonen sa at dette måtte komast attende til, og slik arbeidet er planlagt med etappevis utbygging, vil me vinna erfaring også med kostnadssida når første prosjektet er klart. Utvalet vil verta orientert om framdrift og kostnad, og det må evt. fremjast eige sak om ekstraløyving evt. endring av prosjektet dersom det viser seg at kalkylane er for låge.

Leiaren i utvalet **Idar Reistad** skal i møte med konsulent for reguleringsplanen på Bjørkheim. Han ønske ei presisering frå utvalet av kva som skal leggjast inn i det nye utkastet til reguleringsplan. Utvalet drøfta saka og kom med presiseringar av ein del problemstillingar som vil danna grunnlaget for nytt planframlegg.

Leiaren orienterte om drøftingar med ordføraren om **energigruppa**. Skal den bestå og i tilfelle med dei same medlemmane? Utvalet var samde om at gruppa vert bedt inn til neste møte i naturutvalet der desse spørsmåla vert tekne opp samstundes med at det også vert prioritert arbeidsoppgåvene til ei evt. gruppa.

Fylkesplan for Hordaland er sendt kommunane til uttale. Ei arbeidsgruppe der Sture Tveit representerte naturutvalet har utarbeidd ein uttale som vert oversendt fylkeskommunen. Det var ikkje merknader frå utvalet til uttalen.

Frå SAFA a.s. er det kome søknad om **riving av eldre pipe**. Administrasjonen har fullmakt til å fatta vedtak i saka. Konklusjonen til administrasjonen med bakgrunnen for denne vart presentert for utvalet. Dette vart gjort fordi administrasjonen er klar over at det er mange meiningar i saka, og at det for mange er ei viktig sak. Eit mindretal i Naturutvalet ønske saka lagt fram for utvalet. Saka vert m.a.o. handsama etter delegert fullmakt.

Kårbu på Tysseland Det vart kort orientert om rettsaka i denne saka som har gått 24 – 26.01.2005.

I tillegg til utsendt liste over delegerte saker vart fylgjande to saker referert:

- Bygging av einebustad i feltet på Lønnebakken, tilpassing av bygg til miljøet (mønehøgde)
- Rammeløyve for bustadhus på Ådland (04/00436/3609)

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0001/05	04/00485 RAMMEPLAN FOR AVKØYRINGAR. RIKS- OG FYLKESVEGAR I SAMNANGER
0002/05	00/00105 KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2000 - 2010
0003/05	02/00517 REGULERINGSPLAN FOR YTRE TYSSE - KLAGE PÅ VEDTAK OM GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN
0004/05	03/00249 TILKOMST TIL KOMMUNAL VEG LØNNEBAKKEN - ENDRING AV REGULERINGSPLAN
0005/05	04/00496 DELINGSSAK GNR 24/109. - GJERDE
0006/05	04/00426 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL STAOIL STASJON PÅ BJØRKHEIM SØKNAD OM LØYVE TIL MIDLERTIDIG PLASSERING AV BRAKKER I BYGGJEPERIO
0007/05	04/00471 DELINGSSAK TOMANNSBUSTAD TOTLAND GNR 40, BNR 26.
0008/05	04/00491 DELINGSSAK GNR 5, BNR 6.
0009/05	05/00008 SØKNAD OM KONSESJON PÅ GNR/BNR 30/4 I SAMNANGER KOMMUNE - VIDAR TRENGEREID
0010/05	05/00009 TILTAKSSTRATEGI FOR SMIL MIDLAR 2005-2007 HANDSAMING I SAMNANGER KOMMUNE

0001/05

**RAMMEPLAN FOR AVKØYRINGAR.
RIKS- OG FYLKESVEGAR I SAMNANGER**

Framlegg til vedtak::

Med unnatak av sideveg til Sagen på fylkesveg 137 som må endrast frå kategorien streng til lite streng, har ikkje Samnanger kommune merknader til revidert rammeplan for avkjøringar på riks- og fylkesvegnettet i Samnanger.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Med unnatak av sideveg til Sagen på fylkesveg 137 som må endrast frå kategorien streng til lite streng, har ikkje Samnanger kommune merknader til revidert rammeplan for avkjøringar på riks- og fylkesvegnettet i Samnanger.

0002/05

KOMMUNEPLAN FOR SAMNANGER - 2000 - 2010

Framlegg til vedtak::

Framlegg til ny arealplan for Samnanger kommune 2005-2015 skal leggest ut til 2. gongshøyring med endringar i høve til referat dagesett 11.01.05.

Handsaming i møte:

Utvalet gjekk igjennom det utsendte referatet. Følgjande presiseringar vart gitt:

- Det skal setjast av AK-område der det vert gitt retningslinjer om at området skal prioriterast til skjelldyrking på Gaupholm og ved Ervika.
- Området til AK for marine artar vert utvida noko
- I Eikedalen skal det setjast krav om etablering av gang- og sykkelsti gjerne i kombinasjon med lokal kjøreveg er etablert før utbygging av hytteområda.

Utvalet slutta seg med desse presiseringane samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Framlegg til ny arealplan for Samnanger kommune 2005-2015 skal leggest ut til 2. gongshøyring med endringar i høve til referat dagesett 11.01.05 og med dei presiseringane som er nemnd under handsaminga i møtet.

0003/05

REGULERINGSPLAN FOR YTRE TYSSE - KLAGE PÅ VEDTAK OM GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN

Handsaming i møte:

Sture Tveit sette fram slikt framlegg:

Klagen frå Thor Egil Nilsen vert ikkje imøtekomen.

Janne Drevsjø sette fram slikt framlegg:

Klagen frå Thor Egil Nilsen vert imøtekomen.

3 røysta for framlegget frå Sture Tveit og 2 for framlegget til Janne Drevsjø.

Vedtak:

Klagen frå Thor Egil Nilsen vert ikkje imøtekomen.

Grunngjevinga for dette er at det ikkje har kome fram nye moment som ikkje var med under handsaming av reguleringsplanen.

0004/05

TILKOMST TIL KOMMUNAL VEG LØNNEBAKKEN - ENDRING AV REGULERINGSPLAN

Framlegg til vedtak::

Det vert starta arbeid med ei mindre vesentleg reguleringsendring for Lønnebakken. Frå kjøreveg ved tomt 8 skal det regulerast inn gangveg der det vert tillete kjøring til eigedommane i samsvar med kart dgs.12.01.05. Med atterhald om at det ikkje kjem inn merknader frå varsla naboar, vert saka sendt kommunestyre for stadfesting av endra plan.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert starta arbeid med ei mindre vesentleg reguleringsendring for Lønnebakken. Frå kjøreveg ved tomt 8 skal det regulerast inn gangveg der det vert tillete kjøring til eigedommane i samsvar med kart dgs.12.01.05. Med atterhald om at det ikkje kjem inn merknader frå varsla naboar, vert saka sendt kommunestyre for stadfesting av endra plan.

0005/05

DELINGSSAK GNR 24/109. - GJERDE**Framlegg til vedtak::**

Det vert i høve til plan- og bygningsloven § 28-1 pkt. 1 gjeve løyve til å dele i frå 3 bustadtufter på gnr/bnr 24/109. Bustadtuftene skal delast i høve til vedlagt kartavsnitt av reguleringsplan med forslag til deling. Dei 3 tuftene vert ein den av gjeldande reguleringsplan for Lønnebakken. Det vert sett krav om tilkopling til offentleg vatn og avlaup.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert i høve til plan- og bygningsloven § 28-1 pkt. 1 gjeve løyve til å dele i frå 3 bustadtufter på gnr/bnr 24/109. Bustadtuftene skal delast i høve til vedlagt kartavsnitt av reguleringsplan med forslag til deling. Dei 3 tuftene vert ein den av gjeldande reguleringsplan for Lønnebakken. Det vert sett krav om tilkopling til offentleg vatn og avlaup.

0006/05

SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL STATOIL STASJON PÅ BJØRKHEIM . SØKNAD OM LØYVE TIL MIDLERTIDIG Plassering AV BRAKKER I BYGGJEPERIODEN**Framlegg til vedtak::**

Naturutvalet kan ikkje sjå at det er grunnlag for å utsetja handsaming av søknaden til reguleringsplan arbeidet er avslutta. Omsøkte tilbygg vil ikkje ha innverknad planarbeidet.

I medhald av plan og bygningslova vert det gjeve løyve til tilbygg til statoilstasjon på Bjørkheim. Gnr.18 bnr.160.

Løyvet er gjeve med atterhald om at det vert etablert tilfredstillande tilhøve for rørslehemma arbeidstakarar, anten ved endra planløyving av 1. etasje eller med heis til 2. andre etasje.

Endeleg løyving må godkjennast av teknisk eining.

For øvrig er løyvet gjeve i samsvar med søknad dgs.28.10.04.

Det må leverast kontrollerklæring for prosjekteringa.

Før bygginga tek til, må ansvarleg utførande vera godkjent.

Løyvet er gjeve med atterhald om at det vert teke omsyn til eventuelle pålegg frå arbeidstilsynet.

I medhald av plan- og bygningslova § 85 vert det gjeve mellombels løyve til å plassera brakker for kiosk og personalrom. Løyvet er gjeve i samsvar med situasjonsplan dgs.06.12.04

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Naturutvalet kan ikkje sjå at det er grunnlag for å utsetja handsaming av søknaden til reguleringsplan arbeidet er avslutta. Omsøkte tilbygg vil ikkje ha innverknad planarbeidet.

I medhald av plan og bygningslova vert det gjeve løyve til tilbygg til statoilstasjon på Bjørkheim. Gnr.18 bnr.160.

Løyvet er gjeve med atterhald om at det vert etablert tilfredstillande tilhøve for rørslehemma arbeidstakarar, anten ved endra planløyving av 1. etasje eller med heis til 2. andre etasje.

Endeleg løyving må godkjennast av teknisk eining.

For øvrig er løyvet gjeve i samsvar med søknad dgs.28.10.04.

Det må leverast kontrollertklæring for prosjekteringa.

Før bygginga tek til, må ansvarleg utførande vera godkjent.

Løyvet er gjeve med atterhald om at det vert teke omsyn til eventuelle pålegg frå arbeidstilsynet.

I medhald av plan- og bygningslova § 85 vert det gjeve mellombels løyve til å plassera brakker for kiosk og personalrom. Løyvet er gjeve i samsvar med situasjonsplan dgs.06.12.04

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltningslova §§ 27 og 29-32 og plan og bygningslova § 15. Klagefristen er 3 veker frå de mottok vedtaket.

0007/05

DELINGSSAK TOMANNSBUSTAD TOTLAND GNR 40, BNR 26.**Framlegg til vedtak::**

Det vert med heimel i plan og bygningsloven §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela gnr/bnr 40/26 i Samnanger kommune. Eigedommen skal delast i samsvar med tidlegare målebrev for gnr/bnr. 40/26 og 27.

Det vert med heimel i jordlova, § 12, gjeve løyve til å dela gnr/bnr 40/26 i Samnanger kommune. Eigedommen skal delast i samsvar med tidlegare målebrev for gnr/bnr. 40/26 og 27.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Det vert med heimel i plan og bygningsloven §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela gnr/bnr 40/26 i Samnanger kommune. Eigedommen skal delast i samsvar med tidlegare målebrev for gnr/bnr. 40/26 og 27.

Det vert med heimel i jordlova, § 12, gjeve løyve til å dela gnr/bnr 40/26 i Samnanger kommune. Eigedommen skal delast i samsvar med tidlegare målebrev for gnr/bnr. 40/26 og 27.

0008/05

DELINGSSAK GNR 5, BNR 6.

Framlegg til vedtak::

Ove Aasebø vert i høve til plan- og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela ifrå bustadhuset på gnr/bnr 5/6 i Samnanger kommune. Grensene til tufta skal justerast noko i høve til søknad. Grensa mot gnr/bnr 5/1 skal fylgje eksisterande grense og stoppe før parkeringsplass i sør.

Ove Aasebø vert i høve til jordlova § 12 gjeve løyve til å dela ifrå bustadhuset på gnr/bnr 5/6 i Samnanger kommune. Grensene til tufta skal justerast noko i høve til søknad. Grensa mot gnr/bnr 5/1 skal fylgje eksisterande grense og stoppe før parkeringsplass i sør.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Ove Aasebø vert i høve til plan- og bygningslova §§ 7 og 63 gjeve løyve til å dela ifrå bustadhuset på gnr/bnr 5/6 i Samnanger kommune. Grensene til tufta skal justerast noko i høve til søknad. Grensa mot gnr/bnr 5/1 skal fylgje eksisterande grense og stoppe før parkeringsplass i sør.

Ove Aasebø vert i høve til jordlova § 12 gjeve løyve til å dela ifrå bustadhuset på gnr/bnr 5/6 i Samnanger kommune. Grensene til tufta skal justerast noko i høve til søknad. Grensa mot gnr/bnr 5/1 skal fylgje eksisterande grense og stoppe før parkeringsplass i sør.

0009/05

SØKNAD OM KONSESJON PÅ GNR/BNR 30/4 I SAMNANGER KOMMUNE - VIDAR TRENGEREID

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjev konsesjon til Vidar Trengereid for å kjøpa eigedomen 30/4, med vilkår om bu- og driveplikt i 5 år. Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§ 1, 9 og 11.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune gjev konsesjon til Vidar Trengereid for å kjøpa eigedomen 30/4, med vilkår om bu- og driveplikt i 5 år. Vedtaket har heimel i konsesjonslova §§ 1, 9 og 11.

0010/05

**TILTAKSSTRATEGI FOR SMIL MIDLAR 2005-2007
HANDSAMING I SAMNANGER KOMMUNE****Framlegg til vedtak::**

Eige notat for ”Tiltaksstrategi for midlane til spesielle miljøtiltak og skog i Fusa, Os og Samnanger 2005 – 2007” vert vedteke gjeldande for Samnanger kommune.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Eige notat for ”Tiltaksstrategi for midlane til spesielle miljøtiltak og skog i Fusa, Os og Samnanger 2005 – 2007” vert vedteke gjeldande for Samnanger kommune.